

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 LINDÅS

Våge, 27.09.2021

Til  
Alver kommune, byggesaksavd.

Kopi: APM-utvalet i Alver  
Statsforvaltaren i Vestland v/Landbruksdirektøren

### **Sak 21/3088 – 21/58462**

*Vi har kunna gjennomgå 99/4 sin rammesøknad ifbm tilsendt vedtak 06.09., og sender kommentarar som vi, om vi hadde mottatt nabovarsel i vår, skulle ha sendt før saka var oppe 23.06.*

*Vi sender samtidig tilleggs-kommentar vi ber kommunen legge ved saka, grunna ikkje mottatt nabovarsel og dermed manglande høve til rettidig uttale.*

*Del 1: Kommentar til rammesøknaden*

*Del 2: Kommentar som vi krev vert lagt ved saka, i mangel på nabovarsel*

*Del 1: Kommentar til rammesøknaden*

#### **Søknaden gjev sviktande grunnlag for å kunne ta stilling til realitetane i byggjesaka.**

**Avgjerande feil/utelating/utterretteleger tilseier at søknaden må avvisast.**

Søknadspapira frå Link er **både** så mangelfulle, **og** så uetterrettelege, at det er umuleg for kommunen å orientere seg om dei faktiske forholda, dette gjeld både forhold som **eksisterer** og forhold som **er planlagde**.

Søknaden stemmer ikkje med realitetane. Det 8 mål store, ulovleg avgravne, utskotne og oppbygde området inntil nabolun er ikkje nemnt. Søknaden er grunnleggjande full av feil, uetterretteleger og villeiande informasjon, med resultat at kommunen vert ført bak lyset.

#### **1. Fotomontasje frå Link (for å selje inn prosjektet) er både villeiande og uetterretteleg**

- Huset på biletet er ikkje huset som skal byggjast. Huset på biletet har stort kvadratmeter-avvik frå søknaden, og frå Lindås kommune sine berekna m<sup>2</sup> byggmasse.
- Landskapet på biletet er ei rein forleiing, finst ikkje lenger noko landskap
- Vegen i biletet er ei forleiing, jfr. monsteranlegget av veg som er anlagt (sjå vedl. dronefoto av 19.09.)
- Biletet **skulle** ha vist dominande 5-6 m høg +100 m lang mur, framfor eit 8 mål stort og flatt platå av stein, med ein 8 m brei og kraftig oppbygd veg gjennom heile landskapet.  
Kommunen vert *aktivt* forleia, med hensikt at kommunen skal ta stilling på feil grunnlag.

#### **2. Illustrasjonar og kart stemmer ikkje**

Illustrasjonar og kart – heilt utan undertekstar – viser *heilt andre stader og heilt andre bruk*. Svært villeiande og uetterretteleg.

Kommunen har med dette ingen føresetnad for å kunne ta stilling til prosjektet, vert direkte forleia.

### **3. Horizontalplan og vertikalplan stemmer ikkje overeins**

Vertikalplan kan indikere store terrenginngrep, men desse vert *ikkje gjengitt* i horizontalplan. Særleg gjeld dette ved sauehus, men gjeld også andre teikningar.

Kommunen har med dette ingen føresetnad for å kunne ta stilling til prosjektet.

### **4. Kotehøgder stemmer ikkje overeins i ulike kart**

Dette er gjennomgåande. T.d. er sauehus i ulike teikningar teikna inn på tre ulike kotehøgder: både kote 35, kote 37 og kote 40. Svært villeiande.

Kommunen har med dette ingen føresetnad for å kunne ta stilling til prosjektet.

### **5. Oppgitt BYA (bebygd areal) 450 m<sup>2</sup> er feil**

Har unnlatt å ta med at her er bygd stor terrasse høgare enn 0,5 m, som då skal vere med i BYA.

Entreprenøren Eikevik Svømmebassengservice A/S har (ulovleg) etablert ein 5 m høg og nær 100 m lang mur som front på enorm terrasse. Terrassen er høgare enn 0,5 m, skal dermed telje med i bebygd areal. Loven krev og eit gjerde på murkanten for å hindre fallskader. (Til dette: Det er og ulovleg etablert eit stup på grensa mot 99/1, som *heller* ikkje er sikra for å hindre fallulykker).

### **6. Heile innmarka, 25.500 m<sup>2</sup> virkar vere oppgitt som tomt**

Under pkt 16: «Tomt, høyder og grenser» i søknaden kan ein lese at «*Det tas utgangspunkt i innmarkens areal med tanke på beregning av utnyttelse, og denne har en størrelse på 25.500 m<sup>2</sup>.*».

Dersom det her kan tolkast at 25.500 m<sup>2</sup> skal vere utg.pkt. for å beregne utnytting av tomt, vil dette vere som eit byggjefelt å rekne, i så fall heilt uakseptabelt og må ut av søknaden/korrigeras.

**6. Søkjer om kårhus,** men oppgjev samstundes til Fylkeskommunen (som grunnlag for rammesøknaden) at det ikkje skal fleire bygg enn i dag, altså eitt. (Manglande avkastningsgrunnlag på 99/4 gjer at det også ville vore i strid med all praksis, inkl praksis i Alver, å skulle gje eit slikt løyve til kårhus).

### **7. Feil oppgitt i søknad om «avstand til nærmeste vefs midte»**

Oppgjev i bygesøknad 60 m avstand til nærmeste vefs midte, medan avstand til vegen som er omsøkt er 25,5 m.

Gjev her opplysningar om ein heilt annan veg, som ikkje samsvarer med søknaden. Uetterretteleg.

### **8. Omsøkt landbruksveg stemmer ikkje med det tiltaket som er utført. Avviket er vesentleg.**

Kommunen har ikkje fått informasjon fra søker om kva enorme tiltak i *motstrid til søknad* som no er ulovleg utført, og som avvik vesentleg frå innvilga vegsøknad (både m.o.t. plassering og storleik, sjá vedl. dronebilete av 19.09.)

Kommunen har med dette ingen føresetnad for å kunne ta faktabasert vurdering.

### **9. Omsøkt renseanlegg stemmer ikkje med det tiltaket som er utført. Avviket er vesentleg.**

Kommunen har ikkje fått informasjon fra søker om kva tiltak i *motstrid til søknad* som no er ulovleg utført, og som avvik vesentleg frå søknad (60 m lang kistevet - eit kulturminne – ulovleg bytta ut med 54 m rør utan årssikker vassføring).

Kommunen har med dette ingen førsetnad for å kunne ta ei faktabasert vurdering.

### **10. Søknaden flymmer i det heile over av utsegner som ikkje er sanne, t.d.:**

- at huset er tilpassa kulturlandskapet (som ikkje finst lenger)
- at huset er «senka» i terrenget (terrenget er heva)
- at det er tatt omsyn til nabo ved hjelp av soner (i verkelegheita bygd opp ulovleg steinplata framfor nabo som har tatt frå nabo alt kulturlandskap og all utsikt)
- at stein-uttak (les: total utradering av 8 mål matjord og kulturlandskap) er «styrke for bruket»

O.S.V. O.S.V.

## **11. Søknaden frå Link er utan nødvendig kvalitetssikring**

Søkjar har ikkje implementert dei nødvendige kontrollfunksjonar og kvalitetssikring i søknaden, har ikkje klart å fange opp ulovlegheitene undervegs. Når i tillegg kommunen ikkje har kontrollert, synest det i dette tilfellet vere heilt påkravd med ein ekstern kontroll, om naudsynt av setjekommune.

I samband med riving av gamlehuset, som har asbest-tak og ligg 20 m frå nabo, vil det også vere påkravd med godkjent plan og kvalitetskontroll av prosjektet.

## **KONKLUSJON OG KRAV:**

### **I.**

**Administrasjonen si innstilling er gjort på sviktande grunnlag.**

**Kommunen kan ikkje handsame denne søknaden forsvareleg slik søknaden foreligg.**

Det vil krevast ein ny, faktabasert søknad for å kunne ta stilling til realitetane i byggesaka.

Ny søknad må koma i etterkant av tilbakeføring/gjenoppretting av ulovlege inngrep.

### **II.**

**Tilbakeføring av alle ulovlege tiltak, inkl. justering til rett høgdenivå og markslag, må vere gjennomført før det kan skje ei ev. ny byggesaks-handsaming.**

Alle dei ulovlege tiltaka på 99/4 skulle kvar for seg vore dispensasjonssøkte (og ville fått avslag). Ein dispensasjonssøknad skal gå ut frå opprinnleig eksisterande tilhøve. Det let seg no ikkje gjere, då opprinnleige tilhøve ikkje eksisterer lenger, verken for matjord, kulturlandskap, høgdenivå, markslag eller anna. **Kan ikkje søkje dispensasjon etter at ulovlegheitene er utført. Dei ulovlege tiltaka må difor tilbakeførast. I tillegg må den ulovlege framgangsmåten få eit rettsleg etterspel som konsekvens, for å unngå presedens. Å belønne ulovlegheiter med byggjeløyve og automatisk konsesjon er uaktuelt, og i strid med all rettsforståing.**

### **III.**

**Rekkefølgjekrava frå 2015 må stå ved lag**

Ifølgje krava frå 2015 skal **konsesjon vere på plass før ny byggesøknad**. Alt anna er også heilt ulogisk. Å gje byggjeløyve **før** nokon får innvilga konsesjon er meiningslaust, det vil undergrave konsesjonen og gjere han verdilaus. Særleg i *dette* tilfellet, der så mange ulovlege tiltak ligg i botn, er det **særdeles** viktig å oppretthalde det opprinnleige rekkefølgjekravet med å først vurdere korvidt det her i det heile skal gjevast konsesjon.

(Iflg. søkjar Link skal landbruksavd. ha uttalt at konsesjon vil bli gitt når byggjeløyve er innvilga. I denne saka, med sine mange påvislege ulovlegheiter, må slik framgangsmåte blankt avvisast).

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

(to varslarar av pågående kriminalitet, som opptrer heilt i samsvar med det Lindås kommune oppmoda oss til å gjera i etterkant og oppfølgjing av Eikevik sitt første ulovlege tiltak i 2014, men som har påført oss store belastningar)

*Del 2:*

**I samband med siste søknad frå Link, våren 2021, vart det ikkje sendt nabovarsel til 99/1. I søknaden vart framsett grove, uriktige påstandar om «naboer på 99/1», påstandar som den gong skulle vore tilbakeviste om vi hadde mottatt det nabovarselet vi skulle hatt. 99/1 krev oppreising i form av etter-påført kommentar som vert lagt ved saka, sak 21/3088 – 21/58462**

99/1 vart av søkjar utsett for grove og injurierande skuldingar i søknaden, vi vart grovt hengt ut over ei heil side. Dette fekk stå uimotsagt inn mot administrasjonen si innstilling, i og med at 99/1 aldri fekk tilsendt nabovarsel. Påstandene til Link var både stygge, uriktige og bar preg av betalt sverte-kampanje. Om ein les søknaden (som var meininga at vi ikkje skulle sjå), gjev Link først ein uriktig og svertande karakteristikk av oss, for så å be kommunen om å ha dette i minne dersom dei får merknader frå oss i saka. Fram til administrasjonen si udelt positive innstilling i juni kan det sjå ut som kampanjen har lukkast: vi fekk ikkje nabovarsel, og våre merknader frå tidlegare søknad i 2020 vart av adm. uriktig avfeid med at dei «berre dreidde seg om veg», noko som ikkje stemmer.

Sidan søknaden med usannheitene frå Link stadig ligg ved saka, og vi grunna manglande nabovarsel våren 2021 ikkje fekk koma til orde og tilbakevise dei grove, uriktige skuldingane, krev vi å få tatt inn merknaden nedanfor no i ettertid, og at kommentaren vert knytt direkte til avsnittet i søknaden: «Nærmeste berørte nabo, gnr 99 bnr 1»:

*Kommentar som vi krev vert lagt ved saka, i mangel på nabovarsel ifbm rammesøknaden:*

***Kommentar frå gbnr 99/1. Gbnr 99/1 mottok ikkje nabovarsel i saka, difor kommentar i ettertid:***

**Spekulativt og ukorrekt av Link om «Nærmeste berørte nabo, gnr 99 bnr 1», siste avsnitt i rammesøknaden:**

For å ta frå oss truverde i saka foretar Link eit reint karakterdrap på oss «naboar på 99/1», med spekulative, grove og svært uriktige beskyldningar om at vi skal ha drive med trakassering.

Dette er spekulativt, dette er injurierande og det kan ikkje bli ståande.

Når vi har stilt spørsmål ved ulike tiltak utført av Eikevik, har våre skriv heile vegen vore rettmessige og sakleg begrunna.

Det har vore heilt nødvendig for oss å skrive mange brev i forsøk på å stoppe Eikevik sine overgrep mot oss. Døme: Her har ved fleire høve vore ulovleg utgraving av masse frå vår eigedom og over til 99/4. Eikevik har ved alle desse høva nekta å tilbakeføre. Kven trakasserer? 3 gonger har vi difor diverre vore heilt nøydd til å politianmelde forholda, i 2014, 2018 og 2020. I 2014 viste Politiet oss vidare til Forliksrådet, der vi fekk medhald i å ta fråstolen jord tilbake. I 2018 fekk vi munnleg tilslagn frå Politiet om at vi sjølve kunne gjenopprette det vi visste var vårt. I 2020 var tjuveriet så stort at vi, etter råd frå Politiet, måtte skaffe oss advokat. Politiet hadde då gitt Eikevik ein 24 timars gravestopp heile 3 gonger, som var maks av det mandatet Politiet hadde. Eikevik berre held fram utgravinga/vekkjøringa av vår eigedom, ein rettsleg kjennelse var heilt nødvendig for å klare å stoppe ulovlegheitene.

Dette har vore vår kvardag og vårt liv. Kven trakasserer?

Når Link skriv at poltianmeldingane er henlagt, er dette fordreiing, som vist. Link prøver også heilt feil å gje inntrykk av at alle 3 politianmeldingar skal ha funne stad siste året, for å gje inntrykk av oss som «plagarar».

I same avsnitt om «Naboer på 99/1»: Link påberopar seg rett til «en subjektiv tolkning» av eit høgst reellt bronsefunn vi gjorde 25 m frå den planlagde vegen, og set fram ein spekulativ og totalt feil konklusjon: «*Vår subjektive oppfatning er at denne henvendelsen var et forsøk på å sette igang en ny arkeologisk undersøkelse for å hindre/utsette igangsettingen av den planlagte veien*». Aldeles feil konklusjon, dette var ein veg som var i vår interesse. Det som ikkje var i vår interesse, var at Eikevik dreiv og grov svært langt **utanfor** der traseen skulle gå, og dette meldte vi frå om for å stanse. At det har vore skrive spesielt mange brev det siste året, skuldast aleine at det har vore spesielt mange ulovlegheiter vi har måttå påklage:

- ulovleg og uanmeldt graving inne på 99/1, utan at det hadde **noko** med veg å gjere
- 99/4 sin vegsøknad til kommunen, som gjaldt vår eigedom, var aldri lagt fram for oss eller godkjent av oss. Vi vart forevist søknaden **etter** at vegen var godkjent av kommunen.
- Det viste seg etter kvart at 99/4 sin vegsøknad var i strid med ny, tinglyst vegavtale.
- Eikevik grov ut trase i annan retning enn tinglyst avtale.
- uanmeldte borehol på 2,6 m inne på 99/1, som vi tilfeldig oppdaga og måtte prøve å stoppe
- ulovleg skyting inne på 99/1, som vi aldri hadde godkjent og forgjerves prøvd å stoppe
- Anlagt 10 meter brei veg inne på 99/1, **6 meter for brei**, skulle vere 4. Kven trakasserer?
- **Stal** direkte, ved hjelp av gravemaskin og hengar, vårt ferdig anlagte og betalte veglegeme. Her måtte vi politianmelde for å skaffe tilveie ein kjennelse, berre dette klarte å stoppe E.
- Vi har skrive to høflege brev for å prøve å få slutt på ulovleg parkering i vår hage, først hausten 2020 og nyleg våren 2021. Dette har ikkje virka, heile familien Eikevik parkerer konsekvent inne i 99/1 sin hage, kører gjerne inn til seg sjølv med hengar og snur for deretter å kjøre ut i vår hage og stå. Dette trass rikeleg plass på eige område. For eitpar veker sidan minna eg munnleg om desse to breva. Svaret eg fekk var: «Du får skrive 2 brev til». Og den ulovlege parkeringa berre fortset. Kven trakasserer?

Link påstår at Eikevik har hatt stor belastning. Kven har hatt belastninga i punkta ovanfor?

Våge, 21.06.2021  
Elin og Henry Fanebust

*(Vi er lei oss for at vi ikkje fekk nabovarselet vi burde hatt, og kunne tilbakevise i normal prosess.)*